

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Bordskikk til hverdags

Bygdelag:

Oppskr. av: Sv. Lyngnes

Gard: Steinsvik o.f.l.

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein åt. alle måltid ved bordet.
2. Huslyden sat ved same bord som også no er vanleg skikk.
3. Husbondsfolk og tenarar et i lag, og på same tid.
4. No er det ingen forskjel på maten. Men før var maten åt tenarane ikkje av same gode slag som for husbondsfolket. Ordet "tenarmat" fortel om det. Tenarmaten var meir simpel og einfeltdt tillaga.
5. Folk et til vanleg på kjøkenet.
6. Ved høgtider, jul t.d. dekker dei på i stova, og då for alle.
7. Alle hadde og har sin faste plass ved bordet. Nokon fast regel er det ikkje, far oftast "innanfor bordet", ved veggen lengst frå døra. Det minner litt om gamal høgsateskikk.
8. Ein veit ikkje om at borna laut stå ved bordet.
9. Nei. Plassen ikkje serleg markert. Heiter "fars plass".
10. Til vanleg lengst frå inngangsdøra, og midt for bordet.
11. Med vask av hender var det så som så. Det er nok diverre slik at om ein ikkje har sers ureinsleg arbeid føre, blir det smått med vaskinga enno. Det er ikkje fast skikk. Mannfolk tok alltid av seg huva ved bordet, og elles kvar ein var, i utmark eller på fjell, når ein åt. Eg har sett karar sitja berhovda i bitande frost og ete nista. Skikken er nokså streng såleis. Å ete med huva på er rekna for svært ring framferd, og vekkjer oppstuss. Kva tid den skikken kom i bruk er det ingen som veit.
12. Alle åt graut av same fatet, noko som var skikk t.d. med rømmegraut i festlege lag inntil for få år sia.

K. 8.50

Mjølkekoppen var ikkje sams. Ingen veit kva tid, men det er lenge sia kvar fekk sin kopp - trekopp, seinare krus. Det var vanleg å ta graut i skeia og duppe i mjølka. No drikk ein av koppen eller glaset attåt. Dei fekk serskilde koppar før det vart vanleg med kaffi.

13 Gryta direkte på bordet var ikkje vanleg - dei auste grauten opp i stort trefat. No får kvar sin tallerk graut, og med slik mat er det ingen skilnad om framande blir servert. For framande gjeld det no berre rømmegraut. Elles er det mykje mindre av vanleg grautkoking no enn før.

14. Smør - bite var mykje brukt. Dei smurde først smør på flatbrødet, la så poteter og s u l (helst ~~fixk~~ salt fisk eller sild) på, og så brød oppå det att. Stundom brukte dei brosmerød (brosmeskinn) i staden for smør. "Den som har smør på brosmerød er ein sulkjft- kjæft." Eller: "Det er smør på brosmerød" same tydinga som "smør på flesk". Smørbite var brukt helst til middag, men og til kvelds. No ofte attåt middagen, men mange brukar no berre smør på brødet, og så et dei poteter og sul attåt.

15. Ja, apsolutt.

16. Nei, på ingen måte.

17. Ingen no hugsar at dei ikkje hadde gaffel.

18. Mennene brukte saktens tollekniven, serleg når det var hard mat, som spekekjøtt, spekeflesk eller flakte (tørr)sild. Kvinnene brukte bordkniv, b o r d j u n g e, som ofte var heimesmidd.

19. Kvar hadde si skei som var laga av tre eller horn. Ein veit om at gamle folk ikkje vaska skeiene, men berre sleikte godt av dei, og stakk dei i eit dertil laga hald over bordet. Frå kring 1900 vart det vanleg å vaske etter kvart.mål.

20. Frå midten av førre hundreår kom det krusfat i bruk, men t r e b o r o s k a r (trebord-diskar) var i bruk til fram mot 1900.

21. Bordduk til vanleg bruka ein ikkje. No brukar dei fleste duk, helst då voksduk. Kva tid det kom i bruk, er vandt å seia, men det er sikkert i dette h.året. Somme brukar ikkje duk no heller - serleg der det er mange born.

22. Borda er sjeldan måla, derimot beisa og lakka.

23. I eldre tid vart maten ut e t l a, kvar fekk sin lut. Det var husmora som gjorde det - utan viss rekkjefylgje. No får kvar forsyne seg fritt.

24. Først og fremst smør, ost og brød (flatbrød og omnsbrød) vart delt ut, men stundom og suvlet (kjøt og fikk.)
25. Arbeidskarane skulle ha mest mat, i det heile mest på dei som hadde tyngste arbeidet, kar som kvinne. Halv- vaksne gutar var "botnalause" i matvegen.
26. 2-3 år et dei utan hjelp ved bordet. Før er det først og fremst mor som hjelper dei.
27. Før i tida var det heilt vanleg at dei togg maten åt småborn.
- 28/ Inntil for 20-30 år sia var det vanleg over alt at ein las både føre og etter maten. Det var helst ein kvan av borna som skulle gjera det, og alle neste hendene. Skikken er ved lag hos mange enno, både der det er born og elles berre vaksne. I lag og samkomer syng ein alltid eit "bordvers". -- Det spørst no litt kva slag framande som kjem: Er det t.d. presten, så ville det vera ein stygg forgåing ikkje å lese for maten! Eller som dei hermer: "I dag born har vi så god ein mat, no lyt de lese pent for maten."
29. Snakke kunne ein sakte gjera, men ikkje ståande, og ikkje le. Slettes ikkje syngje. Å syngje eller plystre ved ~~bor~~ bordet er rekna for ring folkeskikk. (under matmålet)
- 30-31. "Mannen visste ikkje at kjerringa var gala før han høyrde ho song ved bordet!"
32. Ein måtte sitje ved bordet til alle var ferdige. Måtte nokon gå før sa han: De må virkeleg orsake, men eg lyt visst bryte bordskikk, og gå.
33. Det er ikkje vanleg å takke for mat til kvardagg.
34. "Signe maten!" eller "Signe spis!"
35. Ein måtte ikkje be framande tilbords, men gjorde det ofte.
36. Som oftast blir det traktering for framande som kjem. Om ikkje: "Du fer så snarleg, det er ei skam."
37. Tilfeldige gjester fekk ekstra mat, "framandefolkmat" hadde dei alltid på lager. Det same no, men ein har gjerne ståande eit kvart godt - småkaker ell. likn.
38. Ein kopp kaffi vert det ofte trive til. Men kjelen står ikkje på heile dagen, nei.
39. Som regel blir han traktert i stova, og det er god skikk at einkvan held han med selskap under måltidet, utan å eta i lag med han.
40. Før var det god skikk å "bere fyre seg" alt ein vann og måtte nøydast til bords. Det går ut litt om senn.

41. Svare delvis på før. Plaseringa er ikkje så nett med, berre ikkje ved bordet, og ikkje slik det kan sjå ut som ein "tel tuggene ned i gjesten".